ØYAPOSTEN

FIRE SIDER EKSTRA!

Nr. 1 • 2010 årgang 6 • kr 25,- (fastlandspris kr 30,-) Politisk uavhengig lokalavis for Snilstveitøy og Kalven

© Øyvind Øymyr

No kjem våren? Dette året kan ein med rette tala om snøen som falt i fjor. Her har vore ekstreme snømengder og jamvel Øyafolket har vurdert å investera i snøfresarar. I fjor var det ATV-ar som var den store bølga som rei Øyo. Til neste år vert det nok snøfresarar – berre vent. Morosamt har det vore okke som. Her har dukka opp skispor på dei underlegaste stader og sundagstur til Sætra har mest vorte for ei tradisjon å rekne. Berre spør Leon og Rita.

Medan andre delar av massemedia slit med massoppseiingar og sluttpakkar, går Øyaposten motsett veg. I dette nummeret aukar vi sidetalet til 20 – og håpar at lesarane vil finna interessant lesestoff – både når det gjeld nytt nytt og gamalt nytt.

Paul Skorpen Landhandel
Opningstider i påska
man – tir kl. 08-12.00,
og 13.30-18.45
onsdag kl. 08-12.00 og
13.30-18.00
påskeafta kl. 08.00-15.00

«Views from Øyo» i Stereo!

Dei hadde ikkje straum, ikkje vassklosett, eller innlagd vatn. Men stereo hadde dei – i alle fall når det gjaldt bilete...

TEKST OG (NYE) FOTO: BJARNE ØYMYR

I samband med utvandringa til Amerika vart det ei monaleg auke i korrespondansen over Atlanterhavet.

For dei som var att i gamlelandet var det svært populært å få postkort eller amerikabrev. Og aller mest stas var det når det fulgte bilete med brevet. Ofte var det bilete som synte korleis nybyggjarane hadde lukkast i det nye landet. Det var ikkje uvanleg med reine «skryte-bilete» der ein ville syne fram alt ein hadde skaffa seg av materielle goder. Det finst døme på slike familiebilder der ein har flytta pianoet ut på tunet for å syna kor vel ein hadde lukkast i det nye landet.

Så mykje som 700 fotografar med norsk bakgrunn var aktive i dei norsk-amerikanske kjerneområda...

Heimlengt gav god business

Men utvandrarane lengta nok og stundom til heimlandet, og ville gjerne ha bilete derifrå. Difor vart det nærast ein «industri» for norsk-amerikanske fotografar å reise til Noreg for å ta bilete av heimplassen og folket der. Faktisk har ein nyleg komme fram til at så mykje som 700 fotografar med norsk bakgrunn var aktive i dei norskamerikanske kjerneområda i den tida emigrasjonsbølgjene fann stad.

Ein av desse fotografane var Christ Pedersen Myklebust (f. 1869) som var utvandrar frå Uskedalen.

Myklebust hadde fotoatelier i Eagel



Det er ei underleg innretning, men den virkar. *Du puttar biletet i haldaren og ser gjennom glasa. Så vert alt mirakuløst levande.*

Views from Norway. *Stereofoto teke frå Hestavollen. I forgrunnen ser vi Oppigarden, Kalven og innover fjorden. Ca 1905*



Views from Norway. *Fotograf Kristian Pedersen Myklebust. Biletet er av tre generasjonar frå Ljosnes, frå venstre ser vi mann og kåna, Peder og Inger Bolette Ljosnes. Borna deiras er frå venstre Bolette, Johannes på armen, Anna, Johanna og Olav. Kona i Kvinnheradsdrakta er mor til kåna på garden. Ho heiter Bol Øye og er frå Hestavollen på Øyo. Olav (med skjegg), er far til Peder, han skifta namn frå Haktorsen til Ljosnes då han flytta frå Skorpo. Antageleg teke i 1905.*

Bilete er lånt av Mari og Johan Øye

«Views from Øyo» i Stereo!



På Hestavollen vart stereoinnretninga teke fram berre til høgtid. *Det var ei spanande stund når stereobileta vart tekne fram. Du må skyva biletet att og fram for å finna akkurat der kor biletet trer fram som ett bilete og i levande drupna. Her er det Jeien frå Hestavollen som ser på bilete av folket på Hestavollen teke i 1905.*

Growe i Iowa, men reiste fleire gonger attende til gamlelandet for å fotografera.

Syskjen i Amerika bestilte bilete

På ein av desse turane var han på Øyo – og mellom anna på Hestavollen. Som vi har fortalt i Øyaposten nr. 1/2009 utvandra heile sju av dei 10 borna til Johannes L. Naterstad og Bol Øye. Johannes og Bol budde på Hestavollen frå 1856.

På stereobiletet ser vi familien på Hestavollen framfor det flotte gamlehuset som står der den dag idag. I bakgrunnen ruvar Malmangernuten. Ekspertane vi har snakka med meiner bildet må vera teke kring 1905.

Stereo-bilete var ingen ny oppfinning. Den vart gjort så tidleg som i 1838. Men det var nytt for bygdene i Noreg. Det må ha vore rein magi å sjå desse landskapa og menneskja tre fram, mest levande, i tre dimensjonar – ei god stund før flatskjermane invaderte landet.

Stereoskopi på Hestavollen

Framleis har dei stereoskop på Hestavollen. Ein såkala «Holmes-betrakter» som var populær frå omkring 1850. Øyaposten fekk vera med for å sjå korleis det fungerar. I tidlegare tider var det ikkje noko ein hadde framme kvar dag. Johan «Jeien» Øye fortel at dei gjerne fann fram stereobilda når det var høgtid.

Når ein ser bilete i stereo framstår dei som tredimensjonale – og ein får ei sterk kjensle av nærast å vera til stades.

Prøv å sjå i 3d

For å sjå stereo-effekten er det best med ei spesiell «stereo-lupe». Men det er og mogleg å sjå det utan, om ein trenar litt. Ta bileta mot ansiktet slik at det er eit bilete rett framfor kvart auge. Om du da prøvar å fokusera litt fram og attende skal du sjå at det plutseleg vert magisk og står fram i tre dimensjonar.

Truleg er det Myklebust som og har teke biletet frå Øyro – sjå s. 8. Men her er berre halvparten av stereo-biletet att. Ein har vel gjerne delt dette i to – for at ein skulle få kvar sin del.

På ein av desse turane var Myklebust på Øyo - og mellom anna på Hestavollen. Som vi har fortalt i Øyaposten nr. 1/2009 utvandra heile sju av dei 10 borna til Johannes L. Naterstad og Bol ØyeDei budde på Hestavollen frå 1856.

Biletet nedanfor: Frå Hestavollen, trur vi er frå v. Ingeborg, Guro, Johannes, Olav, Guro og Johannes som og vart kalla «Onkabessen» med etternamn Øye.

Biletet er lånt av Mari og Johan Øye

Fotograf Chris P. Myklebust



Omlag slik kan det ha sett ut *når Myklebust var i aksjon på Hestavollen. Stereokameraet har som dere kan sjå to objektiv. (Biletet frå utstillinga Lengselens bilete på Bryggen Museum i Bergen.) Fotografen på biletet er ukjend.*

Då Øyaposten fekk sjå stereobileta frå Hestavollen ville vi gjerne finna ut meir om fotografen – som heilt tydeleg hadde eit etternamn frå distriktet.

Og vi trengte ikkje dra lenger enn til Uskedalen. Avisa Uskedalsposten hadde nemleg ein reportasje om fotograf Myklebust i sommarnummeret 2008.

Det vert fortalt at han fremkalla bileta ved ein bekk som rann like framom tunet.

Der fortel dei om Chris P. Myklebust (Kristian Pedersen Myklebust) som var født i Udlabrotet i Uskedalen. Kristian var ein ungdom med utferdstrong, og han reiste ut allereie som 21-åring.

I «det lova landet» starta han med «farming». Men etter ei tid reiste han til Illinois, og utdanna seg til fotograf.

Fire gonger var Myklebust over i gamlelandet – og fotograferinga bidrog til å finansiera reisene. Mange på andre sida av «dammen» ville ha bilete frå heimplassen. Og når Myklebust var attende i Noreg reiste han rundt og tok bilete – frå Fjelberg til Mauranger, og jamvel i Sørfjorden.

Prosessen med å framkalla bilete i starten av forrige århundre var litt meir omstendeleg enn det er med digitalkamera idag. Og dessutan hadde ein ikkje innlagt vatn i den tida.

Myklebust budde mest hjå slektningar i Uskedalen når han var i gamlelandet, og det vert fortalt at han framkalla bileta ved ein bekk som rann like framom tunet.

Chris Myklebust døydde i 1936, og enka hans selde fotoatelieret. Kva som seinarer skjedde med fotosamlinga hans er uvisst. Men det er tydeleg at det finst ein del bilete att i regionen her.



Kva er Stereofoto?

Stereoskopi er å sjå tredimensjonalt. For alle som har to godt fungerande auge er dette noko ein ser heile tida. Folk flest har som kjent ein viss avstand mellom auga, og det er nettopp dette som gjer at ein kan sjå ein og same tingen frå to ulike vinklar. Ved å kombinera desse bileta er hjernen i stand til å oppfatte djupne, slik at det vert eit tredimensjonalt bilete. På same vis er det med stereobilete. Då fotograferar ein frå to ulike vinklar - og ein får fram dei tre dimensjonane. Ikkje heilt enkelt å sjå sånn utan vidare, men med hjelp av eit stereoskop får ein fram den magiske tredje dimensjonen tydeleg. Med andre ord er dette ikkje veldigt ulikt prinsippa for lyd i stereo.

Frå 200-talet

Stereo er ikkje nokon ny teknologi. Det starta visstnok med Euklid som var på sporet av fenomenet allereie på 200-talet. Seinare demonstrerte til dømes Leonardo da Vinci at han forstod dei same prinsippa. Stereofotografier kom omtrent samstundes som fotografiet vart kjend på 1830-talet. Og det var svært utbredt som underhaldning frå midten av 1800-talet fram til film og kino gradvis tok over frå starten av 1900-talet. Men heilt slutt vart det ikkje. Til dømes malte sjølvaste Salvador Dali fleire bilete i stereo på 70-talet.

Og no som dei todimensjonale flatskjermane har inntatt kvar stue i dette land, har altså kinoane starta opp med film i tre dimensjonar for å lokka folk ut av sofakroken. Kven veit? Kanskje vi snart får 3D filmframsyning i Skulehuset?